

Torstein Grotbekk

Torstein vart fødd på plassen Grotbekk (Grotbæk) i 1879. Plassen ligg ved Grotbekktjønna like ved E134 før krysset til Høgås på Notodden. Grotbekk var ein husmannsplass under garden Sætre nedre. Truleg har det budd folk på denne plassen frå 1500-tallet. Det vi veit er at Torgrim Hansen og Helga Olsdotter slo seg til der i 1736. Plassen blei lagt ned i 1912, da Grotbekktjønna blei drikkevasskjelde for byen. Førsteleddet grot betyr stein. Grotbekk var også losjerings- og kvileplass for reisande over Meheia. Det var plass til 10-12 hestar på stallen. I dag er det så vidt synlege spor etter plassen.

Torstein var ein av åtte søskjen, to døde da dei blei fødd. Ei søster døde da ho var tre år. Det var fem gutar som voks opp, og der Torstein var den eldste. - Det var bra heime, mor og far var flinke, sa han i eit intervju.

Da Torstein var 15 år, begynte han med gardsarbeid på garden Sætre, og blei sett på som fullgod arbeidskar. Deretter tok han teneste og var på forskjellige gardar i fem år. Da han var 22 år, begynte han å arbeide på Tinfos Papirfabrikk, der han var i 20 år. Torsteinan var tømmermann og snekkar. Han var også ein dyktig spelemann (hardingfele.) Eit år spelte han i åtte bryllaup!

Torstein hadde stor familie. Han hadde i alt ni menneske å forsørge, deriblant sine gamle foreldre.

(Meir om Torstein Grotbekk kan du lese i boka Husmannsplasser i Notodden kommune, bind 1 og i årsskriftet for Notodden Historielag 1987.)

Tekst: Anne Haugen Wagn



Foto av stua på Grotbekk. Frå boka Husmannsplasser i Notodden kommune. Foto er truleg frå slutten av 1800.

Forslag til oppgaver for elevane

1. **Besøke ein husmannsplass.** I alle tre verdsarvkommunane er det spor å finne etter husmannsplassar. Det er også bygdetun som ein ta med klassen til. For dei som høyrer til Notodden kommune (Høgås og Sætre skole) eller barnehagar i nærlieken, er det mogleg å gå for å sjå spora etter husmannsplassen Grotbekk.

2. **Det er mogleg å søke folketeljingar i digitalarkivet for kvar kommune. Folketeljinga i 1865 kan syne elevane at det er mange husmannsplassar og store barneflokkar. Det er mange ulike spørsmål å ta opp ved ei slik folketeljing. Det kan vere gjennomsnittleg tal på kor mange barn det er i familiene. Namnebruk for guttar og jenter. Ulike yrke.**
3. **Finn ut meir om husmannsvesenet. Når var det på det største, og når var det blitt borte?**
4. **Torstein Grotbekk vart fødd inn i ein husmannsfamilie. Korleis var barndomen hans? Kvifor blei ikke Torstein husmann som far sin?**
5. **Kven er taterane? Og kvifor fekk dei så dårlig omdøme? Korleis er synet på taterane i vår tid?**
6. **Korleis opplevde Torstein slusken?**
7. **Finn du ord og uttrykk i forteljinga til Torstein Grotbekk som du ikkje forstår?**



Torstein Grotbekk, foto frå Notodden Historielags årsskrift 1987.